



tannhelse@hfk.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/973 - 14/4941

Saksbehandlar:

Maud Sleire Holmaas

maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.n

o

Dato:

15.12.2014

Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 - 2030 - fråsegn

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Maud Sleire Holmaas
personalkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Andre mottakere:

tannhelse@hfk.no

hfk@hfk.no

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
133/2014	Formannskapet	02.12.2014
068/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Sveinung Toft	FA - G40	14/973

Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 - 2030 - fråsegn

Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og krev at tannklinikken i Masfjorden vert vidareført i ny klinikkstrukturplan for Hordaland 2015 – 2030.

Det vert vist til at busstilbodet frå Masfjorden til og frå Knarvik vil medføra reisetider som medfører at born/unge og andre pasientgrupper med rett til oppsøkande og regelmessig tilbod på tannhelsetenester vert borte heile skuledagen, og at dette ikkje kan reknast som akseptabel reisetid i medhald av Lov om tannhelsetenesta av 1983, sin § 2-1, 2 ledd.

Formannskapet - 133/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og krev at tannklinikken i Masfjorden vert vidareført i ny klinikkstrukturplan for Hordaland 2015 – 2030.

Det vert vist til at busstilbodet frå Masfjorden til og frå Knarvik vil medføra reisetider som medfører at born/unge og andre pasientgrupper med rett til oppsøkande og regelmessig tilbod på tannhelsetenester vert borte heile skuledagen, og at dette ikkje kan reknast som akseptabel reisetid i medhald av Lov om tannhelsetenesta av 1983, sin § 2-1, 2 ledd.

Kommunestyret - 068/2014

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og krev at tannklinikken i Masfjorden vert vidareført i ny klinikkstrukturplan for Hordaland 2015 – 2030.

Det vert vist til at busstilbodet frå Masfjorden til og frå Knarvik vil medføra reisetider som medfører at born/unge og andre pasientgrupper med rett til oppsøkande og regelmessig tilbod på tannhelsetenester vert borte heile skuledagen, og at dette ikkje kan reknast som akseptabel reisetid i medhald av Lov om tannhelsetenesta av 1983, sin § 2-1, 2 ledd.

Vedlegg

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan - høyring

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 - høyringsdokument

Underliggende saker:

Bakgrunn og fakta:

Planen er utarbeidd etter mandat fylkesrådmannen gav fylkestannlegen i 2013. Målet er å utvikle ein klinikkstruktur som kan tilby innbyggjarane stabil tannhelseteneste av høg fagleg kvalitet. Planen peikar på at klinikkane må vere så store at dei er robuste og kan ta hand om pasientar både ved feriar, sjukdom og andre fråvær.

I planen vert det og peika på at ordninga med ambulering til klinikkar i distriktet ikkje er særleg ettertrakta og gjev lite effektiv arbeidstids for personalet. I tillegg til effektivisering, stabilitet og kvalitet i tenesta, er det også peika på økonomiske tilhøve. Det vert vist til at knappe ressursar får konsekvensar.

Det er nødvendig å omprioritere slik at det må vere flest klinikkar der det bur mest folk. Det vert også lagt til grunn at akseptabel reisetid til klinikk er ein time kvar veg, og ettersom tannhelsa generelt er blitt betra, vil tidsintervalla for tannlegebesøk vere om lag frå 1 ½ til 2 år. I planen er folkehelsearbeidet og førebyggjande tiltak omtalt. Her vert det drege fram at tannpleiarar er ein viktig

ressurs, som i dei siste åra har fått ei viktig rolle, ikkje minst innan folkehelsearbeid. Situasjonen er at tannpleiarane ofte har mange arbeidsstader og arbeider mykje åleine. Dette legg planen opp til at skal endrast slik at alle tannklinikkar i Hordaland skal ha ei 100 % stilling som tannpleiar.

I Nord Tannhelsedistrikt (Åsane, Arna og Osterøy og alle kommunane i Nordhordland) er det i dag totalt 14 klinikkar, 9 klinikkar med heiltidsdrift. I tillegg kjem 13 privatpraktiserande tannlegar i same distrikt. Planen (på side 17 i dokumentet) foreslår at ein innan 2018 legg ned alle dei eksisterande klinikkane i kommunane i Nordhordland og byggjer ein sentralklinikk med 14 behandlingsrom i det nye planlagde Helsehuset i Knarvik. Det betyr nedlegging av klinikkane på Manger, Frekhaug, Modalen, Masfjorden, Fedje og ute på Lindås. Dei første nedleggingane er planlagt starta opp i 2015.

For Masfjorden kommune vert det lagt opp at klinikken vert lagt ned tidleg i 2015, og at pasientane då må reisa til Knarvik og Lindås. Brev om dette er alt gått ut frå leiar ved tannhelsedistriktet Nord til tannklinikken i Masfjorden.

På side 31 i plandokumentet er hovudkonklusjonane vist. Men den massive nedlegginga av tannhelsetilboda i følgjande kommunar og tettstadar er underkommunisert på denne sida. Tannklinikkar som skal leggjast ned når ny struktur er på plass i Hordaland (minus Bergen) ligg på følgjande stadar/ kommunar: **Manger, Frekhaug, Modalen, Masfjorden, Fedje, Lindås, Rosendal, Skånevik, Etne, Langevåg, Tysnes, Samnanger, Lofthus, Granvin, Ulvik, Dalekvam og Vaksdal.**

Vurdering:

Administrasjonen ser med stor uro på planframlegget. Med den endringa det vert lagt opp til, vil det i praksis bety at ei lang historie med lokal tannhelseteneste i Masfjorden kommune vert avslutta. Tannhelsetilbodet for alle dei grupper som etter Lov om tannhelseteneste har rett på regelmessig og oppfølgande behandling har sidan 60-talet vore ivareteke på ein svært god måte i Masfjorden. Dette gjeld: barn og unge frå fødsel til og med det året dei fyller 18, ungdom som fyller 19 eller 20 i behandlingsåret, psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon, grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og i heimesjukepleietenesta, og andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioriterer (m.a. rus).

Den lokale tannklinikken har i tillegg behandla vaksne pasientar som betalar for seg, og har difor bygd opp eit lokalt betalingsvillig marknad. Drifta av klinikken i Masfjorden har difor gått med overskot. Den nye strukturplanen har vald å sjå heilt bort frå eventuell lokal vilje til å bidra til å oppretthalda det desentraliserte tilbodet i Hordaland, noko som administrasjonen meiner er svært uheldig. Mange gode løysingar handlar ofte om å finna kompromiss mellom reint faglege standpunkt og lokale behov, og planframlegget burde opna meir for slike drøftingar i høyringsrunden.

Framlegget slik det no ligg føre vil medføra den største raseringa av tannhelsetilbodet ein nokon gang har sett i distriktkommunane i Hordaland. Reisetidene er etter rådmannen si vurdering sterkt underkommunisert i plandokumentet, då ein berre har sett på reisetid med personbil frå eksisterande klinikkar til nye, men ikkje på faktisk reisetid med offentleg kommunikasjon frå bygder og skulekrinsar i utkantane. Etter mi vurdering vil reisetida for mange innbyggjarar, slik ny strukturplan legg opp til, heller ikkje vera i samsvar med Lov om tannhelsetenesta sitt krav om tilbod der dei bur, slik det er formulert i § 2-1, sjå sitat nedunder:

«§2-1 Alle nevnt i § 1-3 har rett til nødvendig tannhelsehjelp i den fylkeskommune der de bor eller midlertidig

oppholder seg.

Den offentlige tannhelsetjenesten skal gi den som søker eller trenger tannhelsehjelp, de opplysninger vedkommende trenger for å ivareta sin rett, og se til at det ikke påføres unødige utgifter, tap, tidsspille eller uleilighet...»

Ei sentralisering av tannhelsetjenesta til Knarvik vil etter vår vurdering bety ei urimeleg belastning knytt til reising for mange svake grupper i vår kommune, og dei fleste vil trenga hjelp/støtte til å koma seg til og frå tannlege anten det vert ute på Lindås eller i Knarvik. Den lange reisetida vil og påføra foreldre, pårørende og helsepersonell ei ekstra oppgåve som følgjeansvarlege til tannlegen. Dette har i dag ei minimalt omfang i Masfjorden. Strukturendringa vil difor medføra ekstra kostnader både i tid og tapt arbeidsinntekt. Dei fleste foreldra må ta fri frå arbeid for å følgje borna til Knarvik, då det ikkje er tilrådeleg å senda born i småskulen og på mellomtrinnet med buss til og frå Knarvik og Masfjorden.

For dei sjuke/eldre og andre svake grupper vert dette ei spesiell utfordring, som vil trenga hjelp til transport frå pårørende og/eller helsepersonell. I eit samfunnsøkonomisk perspektiv er dette ei lite gunstig løysing, og for kommunen vil store reisekostnader knytt til pasientar på sjukeheimen og for personar som får heimesjukepleie.

Med den klinikkstrukturen som her vert lagt opp til, vil ein risikere at utsette grupper vil gå sjeldnare til tannlege enn tidlegare, med stor fare for redusert kvalitet i deira tannhelse. Så om kvaliteten i ein sentralisert klinikk vert betre, vil det ikkje gje betre kvalitet for tannhelse for den einskilde. Med nedlegging vil ein difor risikera at det førebyggjande tannhelsearbeidet vert dårlegare, og det kan på sikt medføra dårlegare folkehelse i Masfjorden.

Masfjorden kommune meiner vidare at tidsplanen for utvikling av tannlegetilbod i kommunen er urimeleg. Når ein først får planen til høyring seint i oktober med uttalefrist til 15. desember og nedlegging planlagt gjennomført frå 2015, så gjev det lite rom for gode prosessar. At det alt er gått ut brev til klinikken i Masfjorden om nedlegging frå og med 1.1 2015 er og eit grep som set planprosessen i ei dårleg lys, og som signaliserer manglande demokratisk forståing og vilje i denne saka. Dette grepet samsvarar heller ikkje med den godkjente tannhelseplanen frå 2010, som seier at fylkeskommunen skal forsøka å oppretthalda klinikken i Masfjorden.

Tannklinikken i Masfjorden er slik vi oppfattar det, i god stand og har alt det utstyret som er naudsynt for å driva eit kvalitativt godt tilbod. Behov for nye investeringar er difor ikkje til stades med omsyn på utstyr.

Konklusjon

Masfjorden kommune kan ikkje akseptera at tannklinikken i Masfjorden vert lagt ned og sentralisert til Knarvik, då det vil få uheldige konsekvensar for mange av våre innbyggjarar og deira pårørende. Den overordna gevinsten med storstilt sentralisering til Knarvik/ Lindås står ikkje i forhold til dei ulempene det fører til for innbyggjarane våre, med omsyn til lang reisetid til Knarvik, tidsbruk og økonomi. Masfjorden kommunen har ein spesiell geografisk lokalisering, med få bussruter til og frå Knarvik/Lindås, og det er noko Hordaland fylkeskommune må ta omsyn til i ny klinikkstrukturplan for 2015 – 2030. Ei nedlegging vil etter vår vurdering også vera i strid med § 2-1 i tannhelseslova med omsyn på nærleiksprinsippet for prioriterte grupper.

